

– Jublar for småbruket sitt

■ ■ Lys i mørklagde hus

JOSTEDAL: Kjell Sigurd og Liv Schmidt slapp å venta i årevis på småbruk.

– Me var kanskje på leit i tre månader før småbruket på Stølen vart vårt, seier det unge paret frå Marifjøra.

Ser resultat

Dei var to av nærare 30 personar som var til stades då slutt-rapporten «Folk i fleire hus» fredag kveld vart lagd fram på Breheimsenteret i Jostedal.

– Målet har vore å få til 10 eigedomsskifte, og det har me oppnådd på dei tre åra prosjektet har gått, seier Valborg Heløy, prosjektleiari «Folk i fleire hus» då ho la fram sluttrapporten.

Interessa for prosjektet er stor i kommunen, og det møtte nærare 30 personar, og frå nesten alle bygdelaga.

Såg seg ut

Det unge paret flytte heim att til Sogn etter fleire år i Oslo. Kjell Sigurd er sjef på Tørvis Hotel, medan Liv pendlar til Hermansverk der ho arbeider på Nav arbeidslivssenter.

– Me har hatt god hjelp av Valborg, seier Liv.

Kjell Sigurd framhevar at røtene er det og landskapet sit i kroppen, sjølv om ein ikkje er heilt medviten.

– Då me hadde fått kjøpt Stølen, troppa Valborg opp hjå onkel Hans og gratulerte oss med kjøpet. Eit prosjekt som dette gjer at ein vil bu her, seier Kjell Sigurd.

Buplikt viktig

Dei to fortel at dei hadde sett seg ut småbruket dei ville ha.

– Til slutt fekk me det. Godt at Luster held auge med buplikt, og det er til vår favør, seier Liv.

– Har de hatt ynskje om eit småbruk i mange år?

– Gradvis vakna draumen, og no har me fått både eit fint hus og fin jobb, seier Kjell Sigurd.

I rett tid

Nesten tre mil lengre inne i Lustrafjorden, i Skjolden, har Lene og Andreas Wiese funne seg godt til rette. På bruket dei kjøpte og flytte inn i på Bolstad for vel to år sidan.

– Me kom til Skjolden på rett

og utvidar, er det med på å skapa optimisme. Før var det eitt og eit halvt sauebruk og no er det fem til seks bønder, og alle byggjer ut, seier Wiese.

Satsar på støl

Paret som kom flyttande frå Finnmark til Skjolden, bidreg godt på statistikken for stølsdrift.

I sommar hadde dei stølsdrift på to støl, og planane stoggar ikkje med det.

– Målet er å utvida med fleire geiter og kyr. For eg skal leva av garden, seier Andreas Wiese. Han har vore på kurs i ysting på Sogn jord og hagebruksskule i Aurland, for å læra seg å laga gode ostar.

– I sommar har me kost oss med yoghurt, kvit- og brun ost. No planlegg me å byggja ysteri heime og ysta ostar med mjølk frå egne kyr, seier Wiese.

Tre år

Folk i fleire hus er namnet på prosjektet som Luster kommune har hatt gåande frå 2010-2013. Målet har vore å få det til å lysa att i tomme hus rundt om i grendene i dei områda av Luster kommune som har størst fråflytting.

– Me har kartlagd 336 tomme hus i Luster, og då har me hoppa over Gaupne og Hafslø, seier prosjektleiari Valborg Heløy.

Sluttrapporten viser at prosjektet har vore inne i eigedomsskiftet på åtte gardsbruk, tre hus, ei leilegheit og ei stor tomt.

– I tillegg er ein gard leigd ut og me har formidla 13 husvære til leige. Me har òg opplevd at folk har kontakta oss for å få hjelp til å leiga ut hus. Like eins har det vore eigedomsskiftet utan at eigarar har vore i kontakt med prosjektet. Eg har òg opplevd at folk har leigd ut hus for å hjelpe prosjektet. Det er flott, seier Heløy.

Vil restaurera

– Mange som kontaktar oss er barnefamiliar. Dei er super-viktige å få hit til kommunen, og dei tek med seg jobben hit. Ein stor prosent av dei er handverkarar, og dei ynskjer å realisera draumen om å restaurera eit hus, seier Inger Moe, som tidlegare har vore leiar for prosjektet.

– Kanskje Luster kommune skulle hatt kurs i eigedoms-

■ ■ Gjev optimisme

■ ■ Førå vidare



SMÅBRUKARAR:– Det er litt a-typisk at me fekk kjøpt småbruket vårt etter så kort tid, medan andre må leita i årevis, som har innsyn, seier Kjell Sigurd og Liv Schmidt. Det unge paret har planar om å planta ut nye frukttre.

ikkje har verdi, medan andre ikkje vil nokon så vondt at andre skal slita seg ut på eit brattlendt bruk. Andre vil gje det vidare til neste generasjon, medan andre vil halda på jaktrettar, fortel Heløy.

Strengje

På møtet var mange opptekne av buplikta.

– Eg trur Luster kommune er den kommunen i fylket som er føl strengast opp regelverket for buplikt, seier Olav Grov, næringssjef i Luster kommune.

buplikt spissar seg til og advokatar kjem inn.

– Når saken spissar seg og går til Fylkesmannen, hender det at avgjerda går i disfavour av kommunen. Eg trur Luster gjer så godt dei kan. No kan me få ei ny regjering og det er fleirtal for å ta bort buplikt.

Næringssjefen viste til at i 2012 flytte rundt 232 personar til kommunen.

– Dei som kjem er viktige å ta vare på. Like eins må me ta vare på dei som vurderer å flytta ut. Ein typisk utflyttar er 28,5 år,

melda flytting, seier Grov.

– Kva no når prosjektet er slutt?

– Eg ser det som viktig å få til eit opplegg som kan førast vidare, men det må driftast med små ressursar. Og så må det vera definert kva oppgåve ein skal ha, og det må vera lett å finna linkar til eigedomar som kjem på sal eller skal leigast ut, seier Valborg Heløy. Ho skal inntil vidare har det overordna ansvaret.



Huset ligg litt ut frå Marifjøra og opp frå vegen, og me har ingen naboar

